



Landets fylkeskommunar og kommunar

Dykkar ref

Vår ref.
2010/3630 LASA

Dato
09.07.2010

Rundskriv om generell bevaring og kassasjon i Noark-baserte løysingar

Riksarkivaren viser til arkivloven § 9 kor det står: ”*Utan i samsvar med føresegner gjevne i medhald av § 12 i denne lova eller etter særskilt samtykke frå Riksarkivaren, kan ikkje arkivmateriale ... kasserast (jf ledd c).*” Følgjande presisering er gitt i § 9 c: ”*Dette forbodet går framom føresegner om kassasjon i eller i medhald av andre lover. Personregister eller delar av personregister kan likevel slettast etter føresegnene i personopplysningslova, helseregisterlova og etter føresegner i medhald av helseregisterlova §§ 7 og 8. Slik sletting kan først gjerast etter at det er innhenta fråsegn frå Riksarkivaren.*”

Nedanfor følgjer generelle retningsliner for bevaring og kassasjon i Noark-baserte løysingar. Riksarkivaren ber om at fylkeskommunar og kommunar gjer rundskrivet kjent for underordna etatar og organ.

Generelle retningsliner for bevaring og kassasjon i Noark-baserte løysingar

- For journalsystem basert på Noark-standarden versjon 1-3, skal den elektroniske journalen bevarast uten nærare vurdering. For tilhøyrande papirarkiv skal det vere gjennomført arkivavgrensning, kassasjon og ordning i tråd med reglar i arkivforskriften § 5-4 før avlevering kan skje.
- For journalsystem basert på Noark-standarden versjon 4 og 5, kor systemet er uten elektronisk arkiv (dvs. er uten elektroniske dokument), skal den elektroniske journalen bevarast uten nærmare vurdering. For tilhøyrande papirarkiv skal det vere gjennomført arkivavgrensning, kassasjon og ordning i tråd med reglar i arkivforskriften § 5-4 før avlevering kan skje.
- For journal- og arkivsystem basert på Noark-standarden versjon 4 og 5, kor systemet har elektronisk arkiv (dvs. har elektroniske dokument), skal arkivperiodar og arkivdelar som er aktive, avslutta eller i overlappingsperiode ved utgangen av 2011, bevarast. Unntatt her er konkrete

arkivdelar som berre inneheld kassabelt materiale, arkivdeler mottekne som kopiar frå andre arkivskaparar og arkivdelar som av andre årsaker er oppretta med kassasjon som føremål. Desse kan kasserast etter at Riksarkivaren har gitt løyve til kassasjon. Tilsvarande unntak frå bevaringsregelen kan gjerast gjeldande for konkrete arkivkodar eller sakstypar så fremt dette ikkje fører til inkonsistens i datastrukturen.

Riksarkivaren gjer oppmerksom på følgjande forhold:

- Kassasjon av arkivdelar mottekne som kopiar frå andre arkivskaparar, krev at arkivdelen bevarast frå den originale arkivskaparen.
- Kassasjon skal gjerast i produksjonssystemet, før datauttrekket blir eksportert frå vedkomande system. Det skal ikkje gjennomførast kassasjon i sjølve datauttrekket.

Arkivversjonar frå elektroniske journal- og arkivsystem skal deponerast i samsvar med Riksarkivarens rapporter og retningslinjer, nr. 15: ”Normalinstruks for arkivdepot i kommuner og fylkeskommuner” (<http://www.arkivverket.no/arkivverket/Offentlig-forvaltning/Avlevering/For-kommuner/Normalinstruksen>).

Med helsing

Ivar Fønnes
riksarkivar

Anne Mette Dørum
avdelingsdirektør

Kopi til:

Kommunenes Sentralforbund	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Kulturdepartementet	Postboks 8030 Dep	0030	OSLO
Kommunal- og regionaldepartementet	Postboks 8112 Dep.	0032	OSLO
Interkommunale arkivdepot			